

Af

del. 2

Fiskeridirektoratets


Bibliotek

1992-

årsklassane -  
halvtårsyngel

HAVFORSKNINGS

nytt



Nr. 24 - 1992

## Tallrik årsklasse av torsk, hyse og sild - svak rekruttering av lodde, uer og blåkveite

Som halvtårsyngel er 1992-årsklassa av torsk den mest tallrike som er registrert sidan 0-gruppe-tokta tok til i 1965. Også hyse og sild har i 1992 hatt svært god overleving fra gyting til halvtårsfisk. Av lodde, uer og blåkveite derimot ser 1992-årsklassa ut til å vere svært svak. Dette er hovedkonklusjonen frå det tre vekes lange norsk-russiske yngeltoktet i Barentshavet i august-september 1992.

### Torsk


Halvtårsgamal torskeyngel vart i år registrert i dette forekomstar over eit sjeldant stort område - frå Tromsøflaket til nord for Spitsbergen og vidare i eit breidt belte austover til Novaja Semlja (sjå kart nedanfor).

1992-årsklassa er på halvtårsstadiet den mest tallrike torskeårsklassa som er registrert sidan den systematiske yngelkartlegginga tok til i 1965. Etter tre svake årsklassar på halvtårsstadiet - i 1987, 1988 og 1989 - har vi no tre år på rad registrert store mengder 0-gruppe torsk i Barentshavet:


1990-årsklassa var på halvtårsstadiet av vel middels styrke 1991-årsklassa sterk - og altså 1992-årgangen svært tallrik (jfr. fig. nede på neste side).

### Hyse

1992-årsklassa av hyse har - tilliks med torsken - ei svært vid utbreiing (sjå kart nedanfor), og sidan 1965 er det på halvtårsstadiet berre 1991-årsklassa som er meir tallrik. For hyse, som for torsk, har vi no tre år på rad tallrike årsklassar på halvtårsstadiet. I 1987, 1988 og 1989 var det svake årsklassar av 0-gruppe hyse.



0-gruppe torsk 1992



0-gruppe hyse 1992

Utbreiing og tettheit av 0-gruppe (halvtårs) torsk og hyse aug/ sept. 1992. Enkel skravering er 1-85 torsk / hyse pr nautisk mil - dobbelskravert felt (ruter) er meir enn 85 torsk/hyse pr n. mil. Trekantar er posisjonar med trålhal - mørke trekantar trålhal med fangst, kvite trekantar trålhal utan fangst av 0-gruppe torsk/hyse.

## Sild

Halvtårssild vart registrert over same store området som 1992-årsklassa av hyse og torsk, bortsett frå vest av Spitsbergen (sjå kart til høgre her). Som halvtårssild er 1992-årsklassa den tredje største sidan 1965. 1983-års-klassa var absolutt mest tallrik, 1991 noko sterkare enn 1992-årsklassa.

Dei siste fem åra har vi no på 0-gruppetadiet (som halvtårssild) registrert ei betydeleg rekruttering til stamma av norsk vårgytande sild.

## Lodde


I 1992 registrerte vi svært lite halvtårslodde. Ein samanhengande forekomst med lav tettheit vart registrert vest for den sørlege delen av Novaja Semlja, elles berre ubetydelege mengder nordvestover til Hopen/Bjørnøya. Årsklassane 1991 og 1992 er på halvtårsstadiet av dei absolutt svakaste vi har registrert sidan 1965.

## Uer


Halvtårs-uer vart registrert frå Bjørnøya og nordvestover langs Spitsbergen, men berre i små mengder. 1992-årsklassa er svak, og vi må heilt tilbake til 1968 for å finne ei mindre tallrik uer-årsklasse. Også 1991-årsklassa var svak på halvtårsstadiet - etter ein samanhengande periode på atten år (frå 1973 til 1990) med tallrike uer-årsklassar på 0-gruppetadiet.

## Blåkveite


Vi registrerte i 1992 berre spreidde forekomstar av halvtårsgammal blåkveite vest av Hopen og langs Spitsbergen. Vi har no fem år på rad registrert sviktande rekruttering til blåkveite-bestanden.



Utbreiing og tettheit av 0-gruppe sild 1992. Skraveringar: 1-1000 og meir enn 1000 0-gruppe sild pr nautisk mil



Sild - relative tallrikheitsmål ved alder 6 mnd for årsklassane 1965-1992



Rekruttering til bestandane av n.a. torsk og hyse, uer og blåkveite for årsklassane 1965-1992 - relative tallrikheitsmål ved 6 mnd. alder.